

Beretning frå Kontrollutvalet i Haugen Idrettslag for 2021

I samsvar med Norges Idrettsforbund sine lover gjev kontrollutvalet i Haugen Idrettslag med dette si beretning . Kontrollutvalet består av Nils-Helge Løkling og Kjell Haugland og oppgåva er å kontrollere at styret utfører dei oppgåvene som er tillagt etter laget sine lover. Det er fyrste året at kontrollutvalet fungerer og saman med leiar Arild Opsal i Haugen Idrettslag er det gjennomført kontrollarbeid. Praktiske tilhøve i dette arbeidet må utviklast vidare ved informasjon og tilrettelegging.

Vi har utført følgjande handlingar:

Dagleg drift

- Vi ser at styret sitt arbeid samsvarar med årsmøtet sine vedtak for arbeidsåret 2021

Økonomi

- Vi ser at det er budsjettdisiplin i laget
- Det er positivt at det vert nytta rekneskapsfører ved Accountor
- Balansen er gjennomgått ved bruk av saldoliste hovedbok. Vi viser til framlagt rekneskap
- Vi opplever at det er tillit mellom styret og grupper i det økonomiske ansvaret
- Vi meiner at rekneskap med bilag må følgjast opp ½-årleg og med gjennomgang i styremøte. Kontrollutvalet er gjerne med i dette møte.
- Vi har utført kontroll av bankkonti med bakgrunn i årsoppgåve frå bank
- Vi har utført kontroll av rekneskapen mot budsjett for hovedstyret og grupper
- Vi har kontrollert gjevne fullmakter og løyve til underskrifter i bank. Det er kasserar i hovedstyret og gruppeleiarane som har denne fullmakt

Konklusjon

Det er kontrollutvalet sin konklusjon at styret i Haugen Idrettslag har utført dei oppgåver som er tillagt etter lova og kontrollutvalet anbefalar at styret si beretning og årsrekneskap vert godkjent av årsmøte.

Nordfjordeid

26.4.2022

Nils-Helge Løkling

Kjell Haugland